

KOMMISJONSFORORDNING (EF) NR. 1889/2002

2006/EØS/58/43

av 23. oktober 2002

om gjennomføring av rådsforordning (EF) nr. 448/98 om utfylling og endring av forordning (EF) nr. 2223/96 med hensyn til fordelingen av finansformidlingstjenester indirekte målt (FISIM) innenfor rammen av det europeiske nasjonal- og regionalregnskapssystem (ENS)(*)

KOMMISJONEN TIL DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 448/98 av 16. februar 1998 om utfylling og endring av forordning (EF) nr. 2223/96 med hensyn til fordelingen av finansformidlingstjenester indirekte målt (FISIM) innenfor rammen av det europeiske nasjonal- og regionalregnskapssystem (ENS)⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Rådsforordning (EF) nr. 2223/96 av 25. juni 1996 om det europeiske nasjonal- og regionalregnskapssystem i Fellesskapet⁽²⁾, sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 359/2002⁽³⁾ (heretter kalla «ENS 95»), inneheld referanseramma for dei felles standardane, definisjonane, klassifikasjonane og rekneskapsreglane som skal nyttast ved utarbeidinga av rekneskapane til medlemsstatane til bruk i samband med etterspurnaden etter statistikk i Fellesskapet, slik at det vert mogleg å oppnå resultat som kan jamførast medlemsstatane imellom.
- 2) Vedlegg I til forordning (EF) nr. 448/98 endrar vedlegg A til forordning (EF) nr. 2223/96 med sikte på å innføre prinsippet om deling av FISIM i ENS 95-metodikken og å fastsetje forsøksmetodar for deling av FISIM som skulle prøvast ut av medlemsstatane frå 1995 til 2001. Prøveperioden var lang nok til å vurdere om delinga gav meir pålitelege resultat enn den noverande nullfordelinga med sikte på ei korrekt registrering av den aktuelle økonomiske verksemda.
- 3) I samsvar med artikkel 5 nr. 1 i forordning (EF) nr. 448/98 la Kommisjonen fram for Europaparlamentet og Rådet ein sluttrapport 21. juni 2002 som omfatta ei kvalitativ og kvantitativ vurdering av verknadene av forsøksmetodane for deling og utrekning av FISIM. Denne sluttrapporten

konkluderte med at resultatane frå prøveperioden var positive, ettersom det er allment godkjent at delinga av FISIM vil føre til store betringar i ENS 95-metodikken og til ei meir nøyaktig jamføring av bruttonasjonalproduktet (BNP) innanfor Den europeiske unionen.

- 4) Ettersom konklusjonane i den endelege vurderingsrapporten om pålitsgraden til dei resultatane som er nådde i prøveperioden er positive, må den metoden som skal nyttast ved delinga av FISIM, vedtakast før 31. desember 2002, i samsvar med artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 448/98.
- 5) I sluttrapporten sin til Europaparlamentet og Rådet gav Kommisjonen uttrykk for at to år i tillegg kan vere nyttig for å gjere det mogleg for medlemsstatane å betre ytterlegare dei kjeldene og metodane som vert nytta ved delinga av FISIM.
- 6) Utvalet for penge-, finans- og betalingsbalansestatistikk (CMFB), som vart oppnemnt ved rådsavgjerd 91/115/EØF⁽⁴⁾, endra ved avgjerd 96/174/EF⁽⁵⁾, er vorte rådspurt.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det statistiske programmet (SPC) —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. Medlemsstatane skal gjere følgjande utrekningar og fordelingar i samsvar med den detaljerte metodikken som er nemnd i vedlegg III til rådsforordning (EF) nr. 448/98:

- a) utrekning og deling av FISIM til brukarsektorar ved bruk av den referanserenta som er definert som «metode 1» i nr. 1 bokstav b) i vedlegg III til rådsforordning (EF) nr. 448/98,

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 286 av 24.10.2002, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 64/2004 av 26. april 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 43 av 26.8.2004, s. 164.

⁽¹⁾ TEF L 58 av 27.2.1998, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 310 av 30.11.1996, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 58 av 28.2.2002, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 59 av 6.3.1991, s. 19.

⁽⁵⁾ TEF L 51 av 1.3.1996, s. 48.

- b) utrekning og fordeling av importerte og eksporterte FISIM (medrekna FISIM mellom heimehøyrande og ikkje-heimehøyrande finansformidlarar) ved bruk av den referanserenta som er definert som «ekstern» referanserente i nr. 1 bokstav b) i vedlegg III til rådsforordning (EF) nr. 448/98,
- c) fordeling av FISIM til brukarnæringar på grunnlag av låne- og innskotskapital for kvar næring, eller dersom denne informasjonen ikkje er påliteleg, på grunnlag av produksjonen til kvar næring,
- d) utrekning av FISIM til faste prisar på grunnlag av den formelen som er fastsett i nr. 3 i vedlegg III til rådsforordning (EF) nr. 448/98.

2. Medlemsstatane skal sende over til Kommissjonen resultatane av dei utrekningane som er gjorde i medhald av denne artikkelen, som ein del av dei tabellane som er nemnde i artikkel 3 i forordning (EF) nr. 2223/96 (plan for innsending av nasjonalrekneskapsdata), medrekna utrekningar frå 1995 og framover.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellekkapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 2005.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 23. oktober 2002.

For Kommissjonen
Pedro SOLBES MIRA
Medlem av Kommissjonen
